

Gledeleg aktivitet i Ospelunden.

17.12.2016



Brødr. Musland er i ferd med å avslutta arbeidet med ein flott mur i Ospelunden.

I Ospelunden byggjefelt skjer det stadig positive ting. Gatelys er kome på plass, den nye einebustaden inst i feltet er no reist og vert tett før jul, og forbipasserande på hovudvegen kan ikkje unngå å leggja merke til den flotte muren som er under bygging og snart er ferdig. Og kjekkast av alt; - det dukkar stadig opp nye folk som har lyst å bu i feltet.



Einebustaden til Kristoffersen er reist inst i feltet.

På einebustaden har arbeidet gått raskt og fortløpende. Huset er no reist, medan både ringmur og plate er ferdig støypt til garasjen. Den fine muren som kjem ytst i feltet, er ein del av grunnarbeidet til ein tremanns-bustad som skal oppførast der. Murararbeidet vert utført av Brødr. Musland Maskin, og i tillegg til at sjølve muren vert flott, vil det også dempa muren som tidlegare vart oppført, og nokre meinte var for dominerande. Oddbjørn Kroka i Ospelunden fortel at det skal koma tilsvarende svart gjerde på kanten på den nye muren slik at det skal vera ein fin heilskap.

Gledeleg er det også at fleire er seriøst interesserte i leilighetene i bustaden. Kroka har tidlegare sagt at dei startar sjølve husbygginga når første leilighet er seld. No seier han at byggestarten mest sansynleg vil skje straks. Gledeleg!

Elles vart gatelysa i feltet tent for første gong i går. Det har kome 13 gatelys med ledlampar, og rekka går no ut til Geir Inge Koløy sitt hus ytst i feltet, medan det går opp til Jan og Shirley Nordli sitt hus oppe i feltet.

Oddbjørn Kroka fortel at han no arbeider mykje med neste byggjesteg og igangsetjing av dette. Han håpar å få søknaden om igangsetjingsløyve klar før jul.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland